

Saksnr: 2019/59-3
Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		25.11.2019

Val av leiar og nestleiar**Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Samandrag

Fylkeseldrerådet vel sjølv sin leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom medlemane. Val av leiar og nestleiar skal skje ved fleirtalsval.

Bertil Søfteland
leiar politisk sekretariat

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det følgjer av forskrift om medverknadsordningar § 3 tredje ledd at fylkeseldrerådet sjølv vel sin leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom medlemane. Vestland fylkeskommune sitt reglement for medverknadsorgana gjer heller ingen føringar på om leiar og nestleiar skal vere politisk representant eller representant for ein organisasjon som representerer eldre.

Val av leiar og nestleiar skal skje ved fleirtalsval. Fleirtalsval vil seie at ein person vert vald dersom denne får meir enn halvparten av røystene. Dersom ingen får meir enn halvparten av røystene vert det ny avrøysting. Den som får flest røyster ved den nye avrøystinga vert vald. Dersom to eller fleire kandidatar får like mange røyster vert valet avgjort ved loddtrekking mellom dei som har fått like mange røyster.

Det vert ikkje opna for hemmeleg val.

Vedtakskompetanse

Forskrift om medverknadsordningar § 3 tredje ledd slår fast at fylkeseldrerådet sjølv vel sin leiar og nestleiar.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeseldrerådet vert no bedne om å velje sin leiar og nestleiar.